

Jernbaneverket
Postboks 4350
2308 Hamar

22. mai 2012

Høyringsuttale til Høgfartsutgreiinga 2010 – 2012

Høgfartsutgreiinga til Jernbaneverket konkluderar med at lyntog er mogleg i Noreg.

Deutsche Bahns høgfartsutgreiing - som i tillegg inkluderer godstrafikk, langt fleire stasjonar og heile InterCity-nettet i planane - viser også sær gode økonomiske resultat for høghastighetsbane i eit fleirbrukskonsept. Den samfunnsøkonomiske effekten for banen mellom Oslo, Stavanger, Haugesund og Bergen via Haukeli er sær positiv. I følge Deutsche Bahn vil drifta av banen også gje eit overskot som kan betale ned investeringane i løpet av 30 år. Deutsche Bahn har vidare utarbeida sær detaljerte traséplanar, som til saman kan gje opp til 10 stasjonar i fylket. Desse planane kan óg gje eit utvida InterCity-nett til Grenlandsområdet via både Drammen, Eiker, Kongsberg, Notodden/Bø og via Drammen og Vestfold, noko som óg opnar for ein interessant ringbane begge vegar. Til saman gjev dette eit nett som kan knyte både fylket, regionane ikring, heile Sørvest-Noreg og Austlandet tettare saman.







Vest-Telemarkrådet vil vise til Stortinget sitt vedtak i Nasjonal Transportplan 2010 - 2019 om at vidare utgreingar "skal ha bygging av høghastighetsbane som siktemål", at "et framtidig høghastighetstilbud ikke bare skal binde sammen de store byene, men også fange opp mellomliggende trafikk" og at "det spesielt bør arbeides videre med konsepter for flerbruksbaner med blandet trafikk av høghastighetstog, regionstog og godstrafikk."

Vest-Telemarkrådet ber om at dette blir fylgd opp i Nasjonal Transportplan 2014 - 2023, med sikte på utbygging av fyrste line innan 2023 - 2025. I samband med dette ber Vest-Telemarkrådet om at utgreiinga til Deutsche Bahn blir tillagt stor vekt i den vidare prosessen. Vest-Telemarkrådet ser det óg som viktig at InterCity-nettet blir planlagt og bygd som ein integrert del av det framtidige høgfartsnettet.

Ein lyntogtrase frå Bergen, Haugesund og Stavanger over Haukeli vil knyte heile Telemark til dei sterke verdiskapingsmiljøa på Vestlandet. Dette vil ha stor verdi for næringslivet i fylket.

Lyntogutbygging over Haukeli med tilknytning til Grenland, med InterCity-triangelet via Vestfold og bane vidare langs Agderkysten, vil vere eit paradigmeskifte innan samferdsel og samfunnsutvikling i Telemark og heile Sør-Noreg, i form av eit framtidretta, fossilfritt transportsystem.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet


Torstein Tveito
Ordfører Kviteseid
Regionordfører
Hilde Alice Vågslid
Ordfører Tokke
for Solveig S. Abrahamsen
Ordfører Seljord
Arne Vinje
Ordfører Vinje
Erik Skjervagen
Ordfører Fyresdal
for Halvor Homme
Ordfører Nissedal